

## Til føresette:

# Skibuss transport til/frå Eikedalen Skisenter



**Det vil bli organisert skibuss til og frå Eikedalen skisenter! Transporten vil starte tysdag 25.februar (vinterferien) og køyre siste dato 20.mars 2025. Det vil bli førstemann til mølla prinsippet når det gjeld påmelding. Transport til Eikedalen skisenter er eit tilbod for barn og unge mellom 12-19 år (ungdoms- og vidaregåandeskule alder) i Bjørnafjorden.**

Dette skrivet er for å gi informasjon om skibusstransporten til deg som er føresett. I skrivet står det viktig informasjon om:

- Dato for avreise
- Reiserute/reiseplan
- Betaling av egenandel til transport
- Påmelding
- Betaling av skikort og keycard
- Annen viktig informasjon
- Ved eventuell avlysning av skibuss tur

### Datoane for skibussen

Skibussen vil reise på **tre datoar** til Eikedalen skisenter:

- 1) **Tysdag 25.februar 2025**
  - **Frå begge sidene av fjorden**
- 2) **Torsdag 6.mars 2025**
  - **NB: Berre frå Fusa\***
- 3) **Torsdag 20.mars 2025**
  - **NB: Berre frå Osøyro\***



*\*I vinterferien vil skibussen reise same dag, **tysdag 25.februar**, frå både Osøyro bussterminal og busstoppet ved Spar Fusa til Eikedalen.*

**Torsdag 6.mars** reiser bussen t/r busstoppet ved Spar Fusa - Eikedalen Skisenter.

**Torsdag 20.mars** reiser bussen t/r Osøyro bussterminal – Eikedalen skisenter

Skibussen skal reise på ettermiddagskøyning i vinterferien. Etter vinterferien vil skibussen reise på kveldskøyning i Eikedalen.

☐ I vinterferien vil det vere transport for ettermiddagskøyning på Eikedalen skisenter (ettermiddagskøyning frå kl 11:30 til 16:00)

☐ Etter vinterferien vil det vere transport for kveldskøyning (kveldskøyning frå kl 17:00 til 21:00)

### Reiserute

I dokumentet «Reiseplan» vil det vere informasjon om konkrete stoppestader for transporten mellom Osøyro – Eikedalen, og Venjanaset – Eikedalen. Konkret tidspunkt for når bussen køyrar ligg også i same dokument.

Bussen skal køyre **éin time** før opning av kvelds- og ettermiddagskøyning i Eikedalen. Avreise vil vere **15 min etter** stengetid ved skisenteret.

- *Ta forbehold om at oppført tidspunkt for når bussen skal vere på kvart stoppestad undervegs mot Eikedalen kan avvike og vere forsinka ved uforutsette forhold.*

### Betaling av transport

Ungdommane må betale ein eigenandel for å vere med på skibuss til skisenteret. Denne eigenandelen er **50 kr tur-retur**. Eigenandelen dekker éin tur-retur med skibuss. Viss ungdommen ønskjer å reise fleire gonger, må de betale eigenandelen på nytt.

Ungdommane må betale denne transportbilletten før avreise, slik at de kan bekrefte for dei vaksne på bussturen at de har betalt.

**Betaling av transporten er via Vipps nr.952743 navn på konto er «Lokaltransport for ungdom – Bjørnafjorden kommune» viss du ikkje finner nummeret.**

### Betaling av skikort

#### Heiskort

Heiskort hos Eikedalen koster **200 kr**. Prisen for heiskort er den samme, uavhengig om ungdommene er med på ettermiddagskøyning eller kveldskøyning. Betaling av heiskort må skje online og enn får ein promokode for å kjøpe heiskort.

Kjøp av heiskort vil gjelde for ein ettermiddag/kveld på skisenteret. Heiskortet kan ikkje brukast meir enn éin gong på skisenteret. Dermed må ungdommane kjøpe nytt heiskort viss de ønskjer å vere med på fleire gonger på skibussen. NB: Skikort vil ikkje bli refundert ved avbestilling av tur.

**Betaling av heiskort må gjerast online og ungdommane hentar heiskortet når dei kjem til skisenteret. De hentar kortet på automatar, eller inne på Skiutleien på Eikedalen skisenter.**

### **Keycard**

På Eikedalen er det **obligatorisk** å ha keycard for å nytte seg av heiskortet på skisenteret. Hvis ikkje ungdommene har keycard, så må de kjøpe dette også (60 kr for keycard). Keycard hentes ved hovedbygningen på skisenteret.

Hvis ungdommen allereie har keycard, kan de lade opp sitt eget keycard med heiskortet de har kjøpt online, og gå rett i heisen.

## **Påmelding**

Føresett er ansvarleg for å melde på ungdommen på transport til Eikedalen. Påmeldinga gjerast på kommunens heimeside.

Det er plass til 48 elevar pr. buss og det er “første mann til mølla prinsippet”.

## **Annan viktig og nyttig informasjon**

BUA (Barn-Unge-Aktivitet) er ein ideell organisasjon som tilbyd gratis utlån av utstyr innan sport og friluftsliv. Her er det mogleg for å ***låne gratis*** snowboard- og slalåmutstyr.

Du kan låne utstyr i 7 dagar hos BUA.

På BUA sine nettsider kan du lese meir om lånevilkåra.

([Slik låner du utstyr | BUA](#)).

BUA Bjørnafjorden har to lokasjonar, tilknytt biblioteka på Os og i Eikelandsosen. Adressa til BUA er:

- *BUA Os, Holtbrekka 7, 5200 Os*
- *BUA Eikelandsosen, Kommunesetnet, Leiro 31, 5640 Eikelandsosen*

**Nettsida BUA**  
**Bjørnafjorden:**

[BUA Bjørnafjorden -](#)  
[Bjørnafjorden kommune](#)



*\*På kommunen sine heimesider kan du finne informasjon og opningstider for BUA Bjørnafjorden*

**Viktig informasjon til føresette som har ungdom som skal reise til og frå Eikedalen skisenter:**

**Dette tiltaket er eit reint transporttilbod der vi har fått midlar frå Vestland fylkeskommune til å gjennomføre. Kommunen vil berre vere ansvarleg for betaling av transporten til og frå Eikedalen skisenter.** Kommunen står ikkje ansvarleg ved skade i skibakken, hendingar på bussen eller på skisenteret.

Det vil vere myndige vaksne med på bussturane til og frå Eikedalen. Likevel er det viktig at du som føresett følgjar opp ungdommen med ein prat i forkant når det gjeld viktigheita av å følgja oppsette bussruter, ro og orden, åtfærd i bakken mm.

**Ved eventuell avlysing**

- ☐ **Det er ingen refusjon bussbilletten ved avbestilling.**
- ☐ **Ved tilfelle hvor skibakken er stengt samme dag bussen kjører til Eikedalen, så vil du få refundert betaling av heiskortet. Ta kontakt med Eikedalen skisenter for mer info.**
- ☐ **SMS blir gitt viss skibakken er stengt, og bussturen blir avlyst.**